

Valprogram Viken SV

2019 - 2023



3. kandidat
Kahty Lie

Sosialistisk Venstreparti

1. kandidat
**Camilla S.
Eidsvold**

2. kandidat
**Balder Alvær
Olafsen**

sv.no

FOR DEI MANGE

Noko av det beste med Norge er små forskjellar og sterke fellesskap. Vi har bygd landet på tanken om fridom og likskap. Nå er det finaste med Norge trua. Høgre-regjeringa fører ein politikk for auka forskjellar, og tar ikkje klimakrisa på alvor. Det kan vi gjera noko med.

For regjeringa lar dei på toppen få stadig meir, mens resten blir hengande etter. Vi set rekord i talet på milliardærar, samtidig som talet på born som veks opp i fattige familiar har passert 100 000. Auka ulikskap går ut over fellesskapet og rammar oss alle.

Når fellesskapet sine pengar vert brukte på skattekutt til dei på toppen, blir det mindre til betre skule, sjukehus og eldreomsorg. Når høgre-regjeringa svekkjer arbeidsmiljølova, blir arbeidslivet for resten meir uttrygt, og bemanningsbyrå og velferdsprofitørar kan tena seg rike.

Mens folk gjer sitt for å få ned utsleppa, tar ikkje regjeringa klimakrisa på alvor. Oljeselskapa får fortsetja å bora etter olje, og gruveselskapa får skumma fløyten med å dumpa giftig avfall i reine fjordar.

Når den økonomiske eliten sit att med meir makt og rikdom, forvitrar fellesskapet og samhaldet. Vi får eit meir polarisert samfunn som vert trua av mistenksamheit og framandfrykt.

Men det finns løysingar. Vi kan skapa eit samfunn med sterke fellesskap og små forskjellar. Eit samfunn som handlar, ikkje berre pratar, i møte med klimakrisa. Eit samfunn for vanlege folk, der dei på toppen bidreg med meir, der alle kan lukkast og ingen vert gitt opp.



- IKKJE FOR DEI FÅ

Då treng vi:

- Ein skule der born kan læra, lukkast og trivast, med nok lærarar, skulelekser og skulemat
- Ein betre velferdsstat der profitørar ikkje tener seg rike på fellesskapet sine godar
- Eit sikkerheitsnett som hindrar at dei som fell utanfor blir fanga i fattigdom
- Eit næringsliv der fellesskapet eig ressursane og grunnleggande infrastruktur
- Ei grøn og rettferdig omstilling, som kuttar klimautslepp, sikrar verdiskaping og utjamning



” Rett til å gå på
nærskulen, framfor
sentralisering



Mindre forskjellar...

Kjære veljar,

Fylkeskommunen styrkar lokaldemokratiet. Det trengs fylker for å løysa oppgåver som er for store for den einskilde kommune, og vert løyste best når dei er lokalt forankra. Vi i Viken SV vil arbeida for å gjera Viken til et fylke med mindre forskjellar og meir fellesskap.

Tryggleik og det å høyra til er grunnpillarane for å ta til seg kunnskap og bli ansvarlege samfunnsborgarar. Men ungdomstida er ei brytningstid. Samfunnet sine krav og forventningar kan opplevast som overveldande. Elevane høyrer først og fremst til på skulen, i klassen og i faggruppa. Vi i Viken SV meinar banda til desse må vidareutviklast. Vi vil arbeida for at skulen har nulltoleranse for mobbing og seksuell trakassering. Vi vil styrka fagskular og arbeidsinstitutt, og skapa eit velfungerande støtteapparat som er der når elevane treng det.

Meir enn 100 års kamp har gitt oss arbeidsmiljølova, tariffavtalar og faglege rettigheter. Trua på at marknaden regulerer seg sjølv har sett dette i fare. Fagforeiningar er viktigare enn nokon gong. Det er derfor viktig å auka kunnskapen om fagforeiningane si historiske utvikling, om kollektive avtalar og korleis multinasjonale avtalar verkar på dette. Viken SV ønskjer god kjønnsbalanse i arbeidslivet og færre velferdsprofitørar. Vi vil setta ned eit eige likelønsråd i Viken som skal sikra gode tiltak fram mot likeløn. Vi ønskjer også å skapa eit inkluderande arbeidsliv med tilsetting av menneske med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarbakgrunn, og støtta kommunane sitt arbeid med friskliv-sentralar.

...meir fellesskap

Alle skal være trygge på at vi får hjelp når vi blir sjuke eller skada. Derfor må det alltid finnast gode helsetenester i nærleiken der folk bur. Viken SV vil ha gode fagmiljø på alle sjukehus og akuttfunksjonar i Viken



Viken SV ønskjer å styrka lokalsjukehusa og den akuttkirurgiske beredskapen. Tryggleik og helse skal ikkje være avhengig av kor du bur. Vi ønskjer å styrka sjukehusa ved å hindra sentralisering og därleg økonomistyring. Sjukehus er ikkje butikk.

I Viken SV ønskjer vi at offentleg kommunikasjon må bli det naturlege valet. Då må bussen gå, T-bane byggjast der bussen vanskeleg kan dekka behova, og toga må være i rute. Vi er ferdige med den tida då vi aukar vegkapasiteten. Nå må midlane gå til å sikra vegane slik at det er trygt for alle som ferdast i trafikken. Derfor ønskjer SV å senka prisane på kollektivtransport, legga til rette for pendlarparkering og skapa gode kollektivløysingar i heile Viken. Det skal være lettare å velja kollektiv framfor eigen bil! I tillegg ønskjer vi å gjera vegane i Viken endå tryggare, ved å følja opp alle ulykker med sikte på førebygging, samt setja opp midtdele på trafikkerte vegar.

Viken SV meinat at det nye fylket treng eit mangfaldig kulturliv for eit mangfaldig samfunn. Kunst inspirerer, irriterer og bidrar til refleksjon. Kunst fangar det unemnelege, - det vi ikkje kan setja ord på. Vi ønskjer å gi stønad til lokale kunstforeiningar og regionale kunstinstitusjonar. Og vi vil arbeida for å få på plass eit system for fylkeskommunale kunstnarstipend. Kulturelle opplevelingar, og deltaking, gir oss tilhøyrslle og auka livskvalitet. Alle skal ha tilgang til eit mangfaldig kulturliv.



VIKEN SV ARBEIDAR FOR:

- Å prioritera nærskular, framfor sentralisering
- Å skapa eit felles kollektivtilbod for heile Viken, med ein fast pris
- Å prioritera vedlikehald av fylkesvegar, framfor fleire motorvegar
- Å styrka kulturtilbodet frå Halden til Hemsedal
- Å skapa gode lågterskeltilbod for aktivitet i alle kommunar
- Å skapa kjønnsjamvekt og likeløn i arbeidslivet
- Å styrka fagforeiningane i heile Viken
- Å rekruttera personar med innvandrarbakgrunn i arbeidslivet
- Å gi gratis skulemat, og erstatta heimelekser med heildagsskule



Bruk stemmeretten 9. september!

Meld deg inn i SV!
Send SMS med INNMELDING
<DIN E-POST> til 2090
(100 kroner)